

Utveg av Erling A. Westgaard Flote

Opplegget er laga av Nynorsksenteret

I dette undervisningsopplegget skal elevane arbeide med eit utdrag frå romanen.

Gjennom tekstutdraget får elevane møte situasjonar som mange ungdomar kan kjenne seg igjen i, som ønsket om å passe inn, frykta for å bli utanfor, og kor vanskeleg det kan vere å setje grenser, spesielt når ein føler seg usikker. Oppgåvene inviterer elevane til å lese, reflektere, snakke og skrive om desse temaa. Målet er at elevane skal setje ord på eigne tankar og kjenne att sosiale mekanismar i både tekst og kvardag. Samtidig støttar oppgåvene opp under det tverrfaglege arbeidet med tema som grensesetjing, normer, kropp og seksualitet.

Om arbeidet med oppgåvene

Oppgåvene er delte inn i førlesingsoppgåver, undervegsoppgåver og etterarbeid i form av ulike skriveoppgåver. Det kan vere nyttig å la elevane jobbe i små grupper der dei tek notat undervegs og samarbeider om svara. Avslutt med ein felles samtale der alle får høve til å delta. La gruppene rullere på kven som startar, slik at fleire kjenner eit ansvar for å bidra i samtalen om tekstutdraget. Oppmod elevane til å byggje vidare på kvarandre sine tankar og resonnement, og til å øve seg i å uttrykkje seg munnleg. Slik blir samtaleoppgåvene ein naturleg del av det munnlege arbeidet i norskfaget.

Om du ønskjer å kontekstualisere tekstutdraget før lesing, finn du bokomtalar av romanen på nynorskbok.no og [Denboka](http://Denboka.no).

Kompetansemål i norsk

Vg1 studieførebuande og vg2 yrkesfag:

- lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk
- kombinere verkemiddel og uttrykksformer kreativt i eiga tekstskaping

Vg3 studieførebuande:

- analysere og tolke romanar, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk frå 1850 til i dag og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn
- skrive essay som utforskar og reflekterer over innhald i tekstar
- bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne

Før lesing

To og to saman

1) Studer bokomslaget og kom med forslag til kva romanen kjem til å handle om. Hugs å grunngje synspunktet ditt.

2) Forfattaren har brukt substantivet «utveg» som romantittel. Kvifor det, trur du?

a) Korleis kan vi tolke tittelen?

b) Hadde tittelen endra seg om substantivet hadde stått i fleirtal? Korleis då?

3) Tenk deg godt om: Har du nokon gong leita etter ein utveg i faktisk eller overført tyding? Fortel!

4) Bokframsida er ein samansett tekst. Kva slags verkemiddel er brukte, og korleis fungerer teksten som bokframside, synest du? Bruk faglege omgrep som element, layout, blikkfang, font, fargeval, verbaltekst, illustrasjon, osv.

Samtaleoppgåver

Kapittel 11, Hyttetur i fjorden

Venskap og normer

1) Tekstutdraget startar ved at Johanne hoppar inn i den svarte Volvoen på ferjekaia. Kva kan vere grunnen til at Johanne håpar at ingen ser at ho set seg inn i bilen?

2) Kva slags inntrykk får du av venskapen mellom Johanne og dei andre jentene i bilen?

3) Noko av det første Johanne gjer når ho set seg i bilen, er å røykje. Ho nøler litt først, held inne røyken slik ho har sett Linn gjere, og hostar. Kva seier denne situasjonen om normene i jentegjengen og korleis Johanne prøver å passe inn?

4) Vanane knytte til tobakkssigarettar og røyking har endra seg mykje dei siste 35 åra. Skumles [fagartikkelen frå FHI](#), men stopp opp ved tabellane. Kva fortel dei oss om endringane i røykjevanane til ungdom?

5) I startscena av dette tekstutdraget speler røyking i ei rolle. Tenk over kva slags forventningar og normer som gjeld for din eigen venegjeng. Kva hadde skjedd om nokon hadde dratt fram ein tobakkssigarett? Kva hadde skapt mest reaksjon: ein tobakkssigarett, snus eller ein e-sigarett (vape)?

5) Kva slags handlingar og verdiar er sentrale for venene dine eller gjengen din? Kva tenkjer de om for eksempel alkohol- og tobakksbruk, skule, trening, kosthald, klede, veremåte, og så vidare.

6) I nokre venegjengar er det tydelege normer for korleis ein skal vere og oppføre seg. Korleis kan slike reglar gjere at folk føler seg trygge, men òg føre til at nokon blir haldne utanfor?

Kapittel 11, Hyttetur i fjorden

Familien, sorga og skamma

7) På side 65 svarar Johanne at ho har hatt ein tung dag, då Linn spør om det går bra med henne. Kva er det som har skjedd?

9) Johanne er tydeleg lei seg, men gjer sitt beste for å halde tritt med stemninga i bilen. Kvifor er det ikkje alltid lett å vise korleis ein har det, når ein er saman med vener?

10) Kvifor kan det somme tider vere lettare å skyve vekk vonde kjensler enn å kjenne på dei? Kan det vere lurt nokre gongar, eller er det alltid uheldig?

11) Kva trur du det betydde for Johanne å høyre at Linn hadde vore i gravferda til bestefaren hennar?

12) Når nokon har mista nokon, kan det opplevast vanskeleg å snakke om temaet og vise støtte. Kvifor kan det å berre vere til stades, utan ord, bety mykje for nokon som har det vanskeleg?

13) På side 66 kjem det fram at det er fleire ting som har vore utfordrande i familien til Johanne. «(...) vi snakkar liksom ikkje så mykje om sånne ting. (...)», seier ho. Kva ligg i denne utsegna, trur du?

14) I denne samtalen byrjar Linn å spørje Johanne om onkelen hennar. Kva er det vi får vite om han?

15) Korleis opplever Johanne denne samtalen, trur du?

16) Litt ut i samtalen ser Johanne vekk, og Linn skjønner kva ho tenkjer på og sluttar å snakke om onkelen hennar. Kvifor er det så viktig å vere merksam på kroppsspråket og reaksjonane til dei ein snakkar med, spesielt når ein snakkar om vanskelege eller sårbare emne?

17) Bur du i ei lita bygd, er det lett at alle veit alt om alle. Det kan kjennest urettferdig å måtte forklare seg om noko ein i familien har gjort, berre fordi ein er i slekt. Reflekter litt rundt korleis familien din kan vere med på definere kven du er.

18) På side 68 i tekstutdraget hoppar dei andre jentene nakne ut i vatnet. Johanne nøler med å følgje etter. Når Johanne vert ståande på land roper Anita mot henne «Er du prippen? (...), du var ikkje det sist eg såg deg!»

a) Kva trur du gjer at Johanne nøler? Kva kan det seie om kor lett eller vanskeleg det er å følgje sine egne grenser når ein er saman med ei gruppe?

b) Anita seier dette høgt framfor dei andre. Korleis trur du Johanne opplever det?

c) Kva effekt kan slike kommentarar ha på ein person i ei gruppe?

d) Kvifor vel somme å vere morosame på kostnad av andre? Kva slags effekt kan det ha, både for personen som seier det, og for hen det går ut over?

Kapittel 12, Din jævla freak!

Festen

19) I starten på dette kapittelet vert hyttefesten skildra. Ungdomane er fulle, somme kliner, andre kranglar. Korleis blir stemninga på hytta skildra, og kva inntrykk får du av miljøet som ungdomane er ein del av?

20) Opplever du denne skildringa som realistisk? Kjenner du igjen liknande situasjonar frå film, seriar, bøker eller frå kvardagen?

21) Johanne opplever at heile rommet er i rørsle, men synest det kjennest godt å leggje seg saman med PT. Uventa og brått dreg han handa hennar ned i buksa si. Snakk saman om korleis Johanne reagerer på det som skjer.

22) Kva betyr det at ein må gje samtykke til seksuelle handlingar? Les om sex og samtykke på helsenorge.no, og set dykk inn i kva eit samtykke i praksis vil seie. Studer liggje-rettleiaren som Helsedirektoratet har laga, og svar på spørsmåla.

a) Er det PT gjer ulovleg? Kva seier lova om seksuell handling utan samtykke?

b) 1. juli 2025 vart den [nye samtykkeloven](#) sett i verk. Kva slags endringar har skjedd i lovverket når det gjeld samtykke og sex?

c) Kvifor trur du det har vore nødvendig å få ei ny samtykkelov i Noreg?

23) Korleis verkar PT å reagere på det som har skjedd? Kva inntrykk får de av han ut frå måten han oppfører seg på når han forlet hytta?

24) Korleis stiller Linn og Anita opp for Johanne i denne situasjonen? Kvifor er det ekstra viktig med støtte frå andre når ein opplever noko vondt eller krenkande?

Skriveoppgåver

1) Sosiale grupperingar og normer

Dei fleste ungdomsmiljø har eigne, uskrivne reglar for kva som er innafor og ikkje, anten det gjeld oppførsel, språk, klede eller bruk av sosiale medium. Kvifor kan det vere så vanskeleg å vere seg sjølv når ein kjem inn i ein ny gjeng? Mange kjenner på eit sterkt behov for å passe inn, men kvar går grensene for kor langt ein bør strekke seg for å bli akseptert?

- a) Skriv ein reflekterande tekst der du utforskar desse spørsmåla. Ta gjerne utgangspunkt i det som skjer i romanutdraget, eigne eller andre sine erfaringar med gruppepress, normer og grensesetjing.
- b) Skriv ein skjønnlitterær tekst med utgangspunkt i temaet.

2) Ryktet går ...

I ei lita bygd er det lett at rykte går, og mange veit mykje om kvarandre. Reflekter over korleis familien din, eller det folk trur om familien din, kan farge blikket andre har på deg. Trur du dette skjer oftare i bygder enn i byar, eller gjeld det like mykje i urbane strok?

- a) Flett inn døme frå eigne erfaringar, eller vis til situasjonar i romanutdraget du har lese, og skriv ein reflekterande tekst om temaet.
- b) Skriv ei scene til ein ungdomsfilm der nettopp andre sitt syn på ein familie set grenser for kva den unge hovudpersonen kan gjere. De avgjer sjølv om scena skal utspele seg i ein by eller i ei bygd.

3) Grensesetjing, sex og samtykke

Kva betyr det å setje grenser i møte med andre? Kvifor kan det vere vanskeleg å setje grenser, særleg i situasjonar der ein er usikker, full eller redd for å øydeleggje stemninga?

- a) Ta utgangspunkt i den nye samtykkelova og skriv eit essay om temaet.
- b) Lag ein kort informasjonsfilm om den nye samtykkelova. Målgruppa for informasjonsfilmen er andre elevar ved skulen. Kva slags verkemiddel bør de ta i bruk for å best få fram budskapet?

Tillleggsressursar

Forfattarintervju

<https://samlaget.no/blogs/debutantintervju/debutantintervju-med-erling-flote>

Bokomtale på nynorskbok.no

<https://nynorskbok.no/aldersgruppe/ungdom/erling-a-westgaard-flote-utveg/>

Bokomtale på Denboka

<https://denboka.no/boker/utveg>

Helsenorge og sex og samtykke

<https://www.helsenorge.no/sex-og-samliv/sex-og-samtykke/>

Om den nye samtykkelova

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/i-dag-trer-samtykkeloven-i-kraft/id3113434/>

Tobakksbruk blant ungdom

<https://www.fhi.no/is/ncd/tobakk/ungdom/?term=>